



# Velkommen til skulen!



KLEPP KOMMUNE



## Til dei føresette

Vi har gleden av å ønske ditt barn velkommen til skulen til hausten. Det er sikkert mange tankar og spørsmål som melder seg.

Vi håpar at de i dette heftet vil få svar på nokre av dei spørsmåla de har i samband med skulestart og finna opplysningar som kan vera nyttige.


### **VISJON**

Felles visjon for Klepp kommune er «Med blikk for alle»

### **VERDIAR**

Desse verdiane ligg til grunn for arbeidet:

- Me tar i eit tak  
Me vise handlekraft og innsatsvilje og saman får me ting gjort.
- Me bryr oss  
Me vise omsorg for kvarandre, og for miljøet kring oss.  
Ingenting er viktigare enn generasjonane som kjem.
- Me tenke fritt  
Me våge å tenke stort og fritt saman



**Med blikk for alle**

### **Velommen til skulen!**

*Kommunalsjef barn og unge,  
Silje Nygård*





## Skuleførebuing

Mange barn gleder seg til å begynna på skulen. Dei har store forventningar: nå skal dei læra å lesa, skriva og rekna, og aller helst vil dei læra alt på ein gong. Denne sterke trongen til å læra prøver vi i skulen å dra nytte av i arbeidet vårt. Her er nokre tips om korleis foreldra kan vera med på å gjera skulegangen lettare for barnet:

### FØR SKULESTART:

- Les mykje for barnet. Les og leik med rim og regler.
- Besøk biblioteket.
- Spel t.d. Yatzy og Ludo med to terningar.
- Snakk med barnet.
- La barnet sjølv få snakka, fortelja og spørja.
- Les sjølv bøker, slik at barnet får sjå at de liker bøker.

### ETTER SKULESTART:

- Vis interesse for barnet sitt arbeid.
- Gje ros og oppmuntring.
- Hjelp barnet fram til rett løysning når det står fast.
- Les for barnet og bruka biblioteket.
- Ver klar på kva som er rett og galt.

Barn er ikkje like. Arbeidstempo og framgang er forskjellig, og det gjer meir skade enn nytte å pressa på. Ikkje set for store krav. Ver nøgde dersom de ser at barnet gjer sitt beste.





## Føremålet med opplæringa

I føremålsparagrafen til skulen står det m.a:

*"Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring"*

Elevane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistra liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Skolen skal møte elevane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast"

### PLAN FOR OVERGANGANE

Barnehage og skule har eit felles ansvar for at barn på best muleg måte skal oppleva ein trygg og god skulestart. Klepp kommune har ein eigen plan for overgang barnehage-skule. Målet med planen er å

- sikra samanheng og heilskap i læringsinnhaldet til barn/unge, både fagleg og sosialt.
- sikra at barn/unge opplever overgangar som spanande, utviklande, trygge og prega av meistring.
- sikra informasjonsflyt mellom tilsette og mellom tilsette og foreldra ved overgangane.
- sikra gode møteplassar mellom tilsette for å få til kompetanse og kultur som støttar intensjonane ovanfor.

Det er skulen som er ansvarleg for at dei ulike tiltaka i overgangsplanen blir ivaretatt. For å lesa meir kan du gå inn på [www.klepp.kommune.no](http://www.klepp.kommune.no)





### SKULANE I KLEPP

Bore skule	1 – 7	51 78 84 50
Engelsvoll skule	1 – 7	51 78 65 00
Kleppe skule	1 – 7	51 78 93 00
Kleppelunden skule	1 – 7	93 47 02 16
Tu skule	1 – 7	51 78 68 00
Orstad skule	1 – 10	51 78 55 00
Orre skule	1 – 7	51 78 90 70
Bore ungdomsskule	8 – 10	51 78 84 00
Klepp ungdomsskule	8 – 10	51 42 97 00

Bore ungdomsskule får elevar frå Bore skule.

Klepp ungdomsskule får elevar frå Kleppe, Engelsvoll og Horpestad.

Vardheia ungdomsskule (samarbeid Time og Klepp) får elevar frå Orre og Tu.

### SPRÅKSTASJONEN

Elevar som ikkje snakkar norsk kan få den første opplæringa ved språkstasjonen.

Språkstasjon for elevar på barnetrinnet: Kleppe skule

Språkstasjon for elevar på ungdomstrinnet: Bore ungdomsskule

Elevene går på språkstasjonen inntil eitt år, før dei blir overført til heimeskule.

# Om skulen

## LÆREPLANVERKET

Læreplanverket består av overordna del, fag- og timefordeling og læreplanar i fag. Læreplanane fastset mål for opplæringa i dei ulike faga. Nye læreplanar blei innført frå august 2020

## SKULEÅRET

Elevane skal i løpet av året ha 190 skuledagar. Det blir kvart år utarbeidd ein plan for ferie- og fridagar – også kalla skuleruta. Skuleruta er tilgjengeleg på Klepp kommune si heimeside. Til vanleg startar skulen ca. midt i august og sluttar før sommarferien ca. 20. juni.

## SKULESKYSS

For elevar som har meir enn 4 km veg frå heimen til skulen, ordnar fylkeskommunen dagleg skyss i samråd med skulen/ kommunen. For 1.årssteg er grensa sett til 2 km.

## SKULEFRITIDSORDNING (SFO)

Ved alle skulane er det tilbod om skulefritidsordning. Søknadsfrist er 1. mars. Informasjon om elektronisk søknad kan du få frå skulen.

## VAL AV BOKMÅL

Nynorsk er målform på skulane i Klepp. Etter folkeavrøysting er bokmål hovudmål ved Orstad skule frå 01.08.2018

Om målform i skulen seier opplæringslova § 3-1: «Når minst ti elevar på eitt av trinna 1 til 10 i ein kommune ønskjer eit anna skriftspråk som hovudmål enn det som er vedtatt for skolen, har dei rett til å bruke og å få opplæring på dette skriftspråket i ei særskild gruppe. Går ti eller fleire av desse elevane på den same skolen, har dei rett til å få opplæringa der. Er elevane spreidde på fleire skolar i kommunen, avgjer kommunen kva skole dei skal få opplæringa på»

Val av målform skjer i Visma Flyt skule. Frist: 1. mars.

## FRITAK FRÅ AKTIVITAR I OPPLÆRINGA PÅ GRUNN AV LIVSSYN

Faget KRLE skal gi elevane kjennskap til kristendommen, andre verdsreligionar og livssyn og til etiske og filosofiske tema. KRLE er eit ordinært skulefag som normalt skal samle alle elevar. Opplæringa skal vera sakleg og upartisk og ulike verdsreligionar og livssyn skal presenterast med respekt

Reglar for fritak står i opplæringslova § 14-6. «Elevar har rett til fritak frå aktivitetar i opplæringa som dei med rimeleg grunn opplever som utøving av ein annan religion enn sin eigen eller tilslutning til eit anna livssyn enn sitt eige, eller som dei på same grunnlag opplever som krenkjande eller støytande. Fritaket føreset ei skriftleg melding frå eleven eller foreldra, men det trengst ikkje grunngiving. Ein kan ikkje krevje fritak frå kompetansemåla i læreplanane for fag. Elevar som får fritak frå aktivitetar i opplæringa, skal ha anna opplæring med tilsvarende fagleg innhald.»



## FORELDRERÅD

Alle foreldre til barna ved ein skule er medlemmer i foreldrerådet. Dette rådet skal arbeida for å:

- Byggja ut sambandet mellom den enkelte heimen og skulen.
- Leggja forholda til rette slik at elevane kan trivast og utvikla seg.
- Skapa kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) som m.a. har som oppgåve å:

- Ivareta foreldra sine interesser i skulen.
- Vera representantar i samarbeidsutvalet ved skulen.
- Hjelpa til med å skapa eit godt skulemiljø.
- Ha ansvar for foreldrekontaktane.

I Klepp er det også oppretta eit kommunalt foreldreutval

## SAMARBEIDSUTVAL (SU)/DRIFTSSTYRE

Samarbeidsutval/driftsstyre er det øvste samarbeidsorganet i skulen. Det er sett saman av foreldrerepresentantar, representantar for undervisningspersonalet, ein representant for andre tilsette og ein representant frå skuleeigar som er politisk oppnemd. I tillegg møter rektor og representantar frå elevrådet.

Det er nå samarbeidsutval ved alle skulane.





## **FORELDREKONTAKTAR**

Foreldrekontaktane er tillitsvalde for foreldra som har barn i same gruppe/klasse. Dei skal i samarbeid med læraren/ lærarane førebu og leia foreldremøte slik at foreldra kan bli kjende med kvarandre og med lærarane. På denne måten er dei med på å skapa trivsel og godt miljø for elevar og lærarar.

På møta kan ein ta opp ymse emne – som lærestoff, arbeidsmåtar, lekser, ordensreglar og andre tema som måtte vera av interesse.

Foreldrekontaktane kan arrangera tilstellingar for elevane og foreldra, turar, bedriftsbesøk og liknande. Dei skal vera bindeleddet mellom foreldra i gruppa/klassen og arbeidsutvalet i foreldrerådet, som har ansvaret for å gje foreldrekontaktane rettleiing og informasjon.

## **FORELDREMØTE**

I foreldremøte gir lærarane meir generell informasjon som gjeld heile elevgruppa. Det kan vere saker/tema knytt til klassemiljøet, fagplanar, spesielle satsingsområde, lover og regleverk. Det første foreldremøte om hausten blir vanlegvis haldt i september månad.

## **ELEVURDERING OG UTVIKLINGSSAMTALAR**

Minst to gonger i året blir det gjennomført ein planlagt og strukturert samtale mellom eleven, føresette og kontaktlærar. Utviklingssamtalen skal dreie seg om eleven sin faglege og sosiale utvikling. Den skal avsluttast med ei oppsummering av korleis heim og skule saman skal støtte opp om det vidare læringsarbeidet til eleven.

## **KLEPPMODELLEN**

Det skal vere trygt og godt for barn og unge å veksa opp i Klepp. Av og til oppstår likevel utfordringar og vanskar som gjer at ikkje alle har det så bra. Me er mange som har blick for barn og unge i Klepp, både foreldre og familie, venner, naboar og andre vaksne i kommunen.

I Klepp vil me oppdaga vanskar tidleg, setje inn gode tiltak raskt og på rett måte, og slik avverga at utfordringane veks seg store og komplekse. Fokuset på tidleg innsats betyr at bekymringer tas på alvor i Klepp. Uroen kan vere alt frå ein liten klump i magen som me ikkje klarer setje ord på, til ei heilt spesifikk bekymring eller utfordring knytt til anten helse, utvikling eller situasjon.

I Klepp jobbar me saman med barnet og familien for å sikra at grunnlaget for bekymringa vert handtert gjennom tidleg innsats-modellen vår – Kleppmodellen (lenke: <https://klepp.betreinnsats.no/bti-rettleiing/>) – som er laga for å sikra oppfølging og støtte. Modellen syner korleis tilsette i Klepp arbeider kring bekymring for eit barn, og du finn og ei oversikt over ulike tenester til barn, unge og deira familiar på dei same nettsidene.



## **PEDAGOGISK–PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)**

Målet er at alle barn i Klepp skal mestra skulestarten, men barn er ulike og har ulike føresetnader. Nokre barn har utfordringar som gjer overgangen til skulen og skulestarten krevjande. I denne overgangen er PPT ein viktig støttespelar. PPT greier ut enkeltelevar og sørgjer for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der det er behov. I den gir PPT råd og rettleiing om korleis skulen best muleg kan tilrettelegga for eleven. For enkeltelevar kan det gjelda funksjonshemming, fagvanskar, sosiale utfordringar, åtferds-vanskar, eller utfordringar knytt til motorikk, tale, høyrsel og syn. PPT bidrar, saman med skulen og føresette, å leggja til rette for at elevar blir godt integrerte i skulen. Oppmelding til PPT skjer i hovudsak av skulen i samråd med føresette. Skulen må ha føresette sitt samtykke. Klepp PPT held til på Kleppetunet.

## **SKULEHELSETENESTA**

Alle skulane i Klepp har helsesjukepleiar faste dagar i veka. Alle elevar ved 1.trinn får tilbod om skulestartundersøking med helsesjukepleiar og lege. Helsesjukepleiar kan kontaktast på Klepp helsestasjon 51 42 99 60, eller i den aktuelle tida på skulen. Informasjon om Skulehelsetenesteprogrammet og andre tilbod på helsestasjonen, kan skaffast via [www.klepp.kommune.no](http://www.klepp.kommune.no), på skulen si heimeside eller ved direkte henvending til helsestasjonen. Helsestasjonen held til på Kleppetunet.

## **SKULETANNKLINIKKEN**

Skuletannklinikken er å finna på Kleppetunet, tlf 51 42 98 00  
Dersom noko skjer i ferien, må ein kontakta ein offentleg tannklinikk før ein eventuelt går til privat tannlege. Ein offentleg tannklinikk har alltid vakt. Telefonsvarar på tannklinikane opplyser kven som har vakt.





# Kjære forelder

Du er den første og viktigaste læraren til barnet ditt!

...

Er du engasjert, gjer barnet ditt det betre på skulen.

...

Engasjementet ditt er like viktig på ungdomsskulen som i barneskulen.

...

Diskuter med barnet, det stimulerer tankane og utviklinga hans/hennar.

...

Det er viktig at du er med og vurderer arbeidet til barnet.

...

Når du bryr deg, blir barnet meir motivert og trivst betre på skulen.

...

Trua di på eiga rolle og på at du kan vere med og påverke, er viktig for barnet ditt.

...

Har du eit godt forhold til skulen, påverkar det resultatata til barnet.

...

At du kjenner dei andre foreldra, fører til betre samarbeid og oppfølging.

...

Foreldra er ein viktig ressurs for skulegangen til barna!

Helsing Foreldreutvalet for grunnopplæringa







”Vi har lukkast  
når alle barn  
opplever  
skulestarten  
med tryggleik  
og spent forventning”



KLEPP KOMMUNE

**Utgitt av Barn og unge**

Rådhuset  
Postboks 25  
4358 Kleppe

TLF: 51 42 98 00  
e-post: [postmottak@klepp.kommune.no](mailto:postmottak@klepp.kommune.no)